



PEDESTRIAN QUALITY NEEDS
www.walkeurope.org

2006 - 2010

Formann: Rob Methorst

www.walkeurope.org

Kvalitetsbehova til fotgjengarar COST-prosjekt 358

INNLEIING OG FØREMÅL

Folk treng å gå. Kva slags oppleving det å gå gir, kan likevel variere. Opplevinga vil påverke om vi vel å gå eller ikkje, kor ofte og kor langt vi går, og om turen har positivt eller negativt forteikn.

Prosjektet *Kvalitetsbehova til fotgjengarar (Pedestrians' Quality Needs – PQN)* har blitt oppretta for å finne ut kva slags behov folk har for å bevege seg trygt og behageleg i offentlege rom, og for å vise fordelane med ei systemtilnærming heller enn ei sektorvis tilnærming. Hovudføremålet er å skaffe kunnskap om kvalitetsbehova til fotgjengarar, og sjå korleis desse behova står i forhold til strukturelle og funksjonelle tiltak, politikktutforming og regelverk som skal støtte forholda for fotgjengarar i heile EU og andre involverte land.

PQN vil ta utgangspunkt i og byggje vidare på den forskinga som er offentleggjort i tidlegare studiar (slik som *WALCYNG*, *ADONIS*, *PROMPT*, *Vulnerable Road Users* og *HOTEL*). Prosjektet vil truleg omfatte 25 land. Det får støtte frå Den europeiske kommisjonens COST-program.

Vidare målsetjingar for PQN er å:

1. betre forståinga av korleis offentlege rom, transportsystem og sosiale, juridiske og politiske samanhengar verkar inn på kvalitetsbehova til fotgjengarar
2. fremje effektiviteten av framtidig politikk og forskning ved å utvikle nye og samstemde omgrepsapparat, teoriar og modellar som kan påverke kvaliteten på utforminga av tilbod til fotgjengarar
3. fremje samarbeid mellom relevante organisasjonar, slik at dei kan kartleggje, prioritere, imøtegå og forhindre noverande og framtidige avgrensingar for moglegheitene til fotgjengarar ved å få fram ein tilgjengeleg kunnskapsbase og brukarvennlige analyseverktøy
4. stimulere partnerar til å finne fram til nye verktøy og spreie kunnskap som kan kaste nytt lys over problemet, og stimulere til ny entusiasme for å sikre trygg og behageleg mobilitet
5. gi tilrådingar om vidare forskning

COST er eit mellomstatleg europeisk nettverk for internasjonalt samarbeid mellom nasjonalt finansierte forskingsaktivitetar. COST opprettar vitenskaplege nettverk og set forskarar i stand til å samarbeide om eit breitt spekter av aktivitetar innanfor forskning og teknologi. Aktivitetar under COST blir administrerte av COST-kontoret. Meir informasjon kan hentast frå <http://www.cost.esf.org>.

ARBEIDSGRUPPER

PQN vil bestå av ein tverrfagleg studie som utforskar kva behov fotgjengarar har, og utviklar modellar i praktiske samanhengar, ut frå direkte studiar og med målbare resultat. Prosjektet startar med ei kartlegging av tilgjengeleg statistikk, publikasjonar om nasjonal og internasjonal forskning og utvikling retta mot fotgjengarar og dokumenterte politiske utsegner frå interessentar på ulike politiske og institusjonelle nivå. Resultatet vil tene som utgangspunkt for fire arbeidsgrupper, der tre vil utforske ulike nivå av behova fotgjengarar har, og den fjerde vil ta ansvar for å samanfatte og integrere resultatane.



Arbeidsgruppe 1 – Funksjonelle behov

Denne arbeidsgruppa vil fokusere på dei fysiske behova til fotgjengarar, transportmåtar og synleg og objektiv åtfærd og den 'tekniske' ergonomien i det fysiske og sosiale miljøet.



Ein ventar at studiar skal utforske fotgjengarar sitt nærvær og åtfærd i offentlege rom, og forholdet mellom og påverknad frå mobilitet, tryggleik, sikkerheit, fysisk helse og ekskludering.



Det vil bli tilrådd standardar for planlegging, offentlege rom, infrastruktur, informasjon, lovgiving og transportformer, og det vil bli teke omsyn til dei betydelege skilnadene som finst mellom dei ulike landa og regionane som er med.

Arbeidsgruppe 2 – Psykologiske behov



Denne arbeidsgruppa vil fokusere på det psykologiske perspektivet. Arbeidet vil omfatte opplevinga av det å gå og korleis haldningar, forventningar og motivasjon påverkar åtfærd til andre trafikantar, planleggjarar, politikarar og fotgjengarane sjølve. Oppfatninga av fysiske og sosiale miljø, transportsystem og forholdet mellom desse vil bli kartlagd.



Ein ventar at studiar spesielt skal utforske oppfatninga av tilgjenge, komfort, tryggleik, sikkerheit, helse, sosialt klima, estetikk og spontan mobilitet.

Det vil bli føreslått føremålstenlege tiltak for å påverke dei faktorane som i dag utgjør hindringar, for å bryte ned institusjonelle og sosiale stengsler og betre livskvaliteten for fotgjengarar.



Arbeidsgruppe 3 – Berekraft og framtidsutsikter

Denne arbeidsgruppa vil fokusere på berekrafta i tiltaka, utformingane og dei politiske retningslinjene, prognosering av framtidig nytteverdi og oppfatninga av kvalitet. Gruppa vil utforske korleis behov utviklar seg over tid, og på kva område det er behov for nye politiske retningslinjer.



Ein ventar at studiar skal utforske langsiktige inngrep, utforming og tiltak, utviklingstrekk innanfor gangtrafikk og forholdet til det fysiske og sosiale miljøet, og transportformer. Positive og negative utviklingstrekk vil bli påpeikte og vurderte, og konsekvensane av avgrensingar av dei funksjonelle og psykologiske behova til fotgjengarane vil bli rapporterte.



Arbeidsgruppe 4 – Samanfatting og integrasjon

Denne arbeidsgruppa vil fokusere på det innbyrdes forholdet mellom dei tre første arbeidsgruppene, og vil utarbeide ein modell for å kartleggje behova til fotgjengarar og dei hovudtrekka som påverkar kvalitet og åtfærd.



Arbeidet vil avdekkje moglege hol i den eksisterande kunnskapen og i dei politiske prosessane. Gjennom arbeidet vil ein freiste å finne fram til og belegge kva moglegheiter politikarar og praktikarar har for å støtte både kortsiktige og langsiktige forpliktingar til å investere i behovet for kvalitet til støtte for fotgjengarar.

RESULTAT

Informasjon frå prosjektet vil bli fortolka og gitt ut i ei rekkje format retta mot ulike målgrupper, slik at ein får til ein størst mogleg påverknad i form av meir effektivitet i nasjonal og lokal politikk.

PQN vil etablere ein lett tilgjengeleg nettstad (www.walkeurope.org) som skal hjelpe til å styre, fordele og fremje informasjon mellom partnarane for å stimulere til debatt og til å utveksle tilpassingar av gode ordningar.

Arbeidsgruppene skal gi ut til saman fire separate rapportar, og eit periodisk elektronisk nyheitsbrev vil medverke til framdrift i prosjektet.

Konferansar og kurs kan organiserast nasjonalt og internasjonalt for å formidle funn frå prosjektet. Ved avslutninga av PQN vil det bli halde ein eigen konferanse av ICTCT som ein del av den årlege konferanserekkje WALK21.

PQN vil publisere i detalj:

1. eit omgrepsmessig rammeverk og ein handlingsplan for livsløpet til prosjektet
2. ein analyse av effektiviteten av relevant sosial, juridisk og politisk statistikk, forskning og retningslinjer i landa som er med
3. ei handbok om behova til fotgjengarar
4. eit brukarvennleg analyseverktøy for å måle kvalitet når det gjeld behova til fotgjengarar
5. ein konsistent kvalitativ og kvantitativ metode for å registrere åtferda til fotgjengarar
6. ei rettleiing om nasjonale og lokale framgangsmåtar for å overvake kor effektive investeringar i tiltak for fotgjengarar er
7. ein systemmodell som omfattar behova til fotgjengarar, og som kan styre effektive investeringar som støttar og stimulerer kvaliteten av det å gå
8. tilrådingar for vidare forskning

Styringskomiteen for Cost-prosjekt 358 har det overordna ansvaret for å koordinere prosjektet. Prosjektet består av fire arbeidsgrupper.

Prosjektleiar

Rob Methorst
Ministry of Transport,
Public Works and Water
Management
AVV Transport Research
Centre
PO Box 1031
3000 BA Rotterdam
THE NETHERLANDS
Tel. +31 10 2825737
rob.methorst@rws.nl

Leiar AG 1

Funksjonelle behov

Hector Monterde I Bort
Facultad de Psicologia -
Universitat de València
Dpmt. Metodologia de les
Ciències del
Comportament
Psychonomy Research
Unit
Av. Blasco Ibañez, 21
E-46010 – Valencia
SPAIN
Tel.: +34 6004 22199
Hector.Monterde@uv.es

Nestleiar

Jim Walker
WALK21
The Access Company
Diddington House,
Main Road,
Bredon, Tewkesbury,
Gloucestershire,
GL20 7LX
UNITED KINGDOM
Tel.: +44 1684 773 946
jim.walker@walk21.com

Leiar AG 2

Psykologiske behov

Ralf Risser
FACTUM Chaloupka &
Risser OHG
Danhausergasse 6/4
1040 Vienna
AUSTRIA
Tel. : +43 1 5041546
ralf.risser@factum.at

COST fagleg leiar

Thierry Goger
COST Office
149, Avenue Louise
1050 Brussels
BELGIUM
Tel.: +32 2 533 38 32
tgoger@cost.esf.org

Leiar AG 3 Berekraft og framtidsutsikter

Daniel Sauter
Urban Mobility Research
Muehlebachstrasse 69
8008 Zurich
SWITZERLAND
Tel.: +41 44 382 02 88
daniel.sauter@urban-mobility.ch

COST

administrativ leiar

Carmencita Malimban
COST Office
149, Avenue Louise
1050 Brussels
BELGIUM
Tel.: +32 2 533 38 41
cmalimban@cost.esf.org

Leiar AG 4

Samanfatting og integrasjon

Rob Methorst
Ministry of Transport,
Public Works and Water
Management
AVV Transport Research
Centre
PO Box 1031
3000 BA Rotterdam
Tel. +31 10 2825737
rob.methorst@rws.nl

Medlemmer av styringsgruppa:

Noreg:

Alf Støle, Norwegian Public Roads Administration, alf.stole@vegvesen.no,

Anne Katrine Geelmuyden, Norwegian University of Life Sciences, aNNe-katrine.geelmuyden@umb.no

Aslak Fyhri, Institute of Transport Economics, af@toi.no

Land som er med i COST-prosjekt 358

A, BE, CH, D, E, EE, FI, FR, GR, H, IL, IT, NL, NO, PT, SE, SRB, UK

EUROPEAN
SCIENCE
FOUNDATION

<http://www.cost.esf.org>

November 2006



ESF finansierer COST-programmet gjennom ein EC-kontrakt.

COST får støtte frå EUs rammeprogram RTD.